



Camilla og korjentene Hanne og Ann Helen

130 kom til Systrene Nilsen i kveld for å oppleve cd-slepp-konserten til Camilla Myklebust (29). "Heilt enormt" var den første kommentaren frå ein tydeleg overraska hovudperson som har laga cd-en sjølv og finansiert han med skattepengar og bidrag frå kristenfolket.



[Camilla har hatt uvurderlig hjelp av Tone til produksjonen](#)

Plata vart delt ut gratis i dag. Det var til tider høg stemning og konserten vart ein stor suksess sjølv om vi ventar på betre akustikk i lokalet. Både musikalsk og sangleg har Camilla lagt fleire alen til sin vekst i dei siste åra og viser deti cd-en som inneheld fleire perler. Ein av dei er "Eg skal ikkje etterlata degfarlaus" som har eit vakkert bakteppe som Tone Reinertsen Hellesøy lagar på tangentane. cd-en heiter "Mesteren er her og spør etter deg" etter ein av songane, men den er ikkje blant dei beste. Det er imidlertid "Eg skal strida for deg" med eit velklingande banjo-akkompagnement. Camilla er sikkert inspirert av mange, til dømes Bjørn Eidsvåg, men ho er i ferd med å finna sin eigen plattform

Den nevnte Tone har tydeleg vore svært sentral i produksjonen av plata og imponerer med stor musikalsk fantasi. Det gjer i høgste grad også Camilla sjølv, som vekslar mellom gitar, mandolin og banjo og har ei røyst som er klarare og gjev uttrykk for sjølv sikkerheit i større grad enn før.

Konserten inneheldt 12 songar og i tillegg kom ein allsong ved Os-gruppa som no held til i Uskedalen og som i helga har gjort ein stor hjelpande innsats. Korjentene Ann Helen, Ronja og Hanne bør nemnast og det var også vitnesbyrd – ved Kristine frå Latvia som deltek i sommarleiren i Bedehuset. Diverre måtte songar og kvedar Tone Romse Bratland frå Telemark melda forfall.



[Kristine frå Latvia vart tolka av Maria Strand](#)

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Systrene Nilsen - tettpakka under konserten